

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenveerksted>

4. søndag i påsketida – 11. mai 2014

Preiketekst: Joh 16,16-22

Lesetekst I: Jes 54,7-10 eller Apg 9,36-43

Lesetekst II: Fil 3,12-14

Sorga skal vendast til glede

Teksten denne mai-søndagen ber med seg store spenningar: Mellom gråt og sorg, fortvilning og uro; til glede og jubel, lovsong og håp! *Jubilate*: gled dykk, er og det gamle namnet på søndagen, etter Salme 66,1: «Rop med jubel for Gud, all jorda!». Den gamle kollektbøna i kyrkja gjev ei fin oppsummering av det sentrale i teksten: «Vi bed deg: Gjev oss trygg tillit til din lovnad at trengslene skal vare berre *ei lita stund* og at det ventar ei evig glede.»

Samstundes er det ikkje alltid like lett å vere mottakeleg for trøyst når ein står midt oppe i svære trengsler og utfordringar. I sjelesorga sitt rom veit me noko om det.

Ein studiekamerat av meg, Odd Jarle Eidner, no prest i Bodø, har vore open om dette. Han miste to barn og fekk så store vanskar med å kunne tru, at han slutta som prest. I boka «*Den doble sorgen*» skildrar han korleis det var å misse både borna og trua. Etter at det gjekk nokre år, kom livsmotet og også trua sakte men sikkert attende. I boka «*Den doble gleden*» fortel han om det.

Om ei lita stund

Dette er eit uttrykk som går att heile sju gonger i teksten. I dette som gjerne blir kalla Jesu avskjedstale til læresveinane (kap 14-17), undra dei seg over kva han eigentleg meinte med dette uttrykket «om ei lita stund». Eigentleg har vel og skrifttolkarar til alle tider undra seg over det. Meiner Jesus tida mellom langfredag kveld og påskedags morgon? Eller er det ventetida fram til han kjem att? Eller kanskje er det ei kvar tid av smerte og sorg som ein kristen må gå gjennom?

Alt tyder på at i første rekkje er det Jesu død og oppstode, og det som no skal hende, som står i framgrunnen. Dei skal sørgja, men sorga skal vendast til glede. Ingenting kan forklare meir iveren til læresveinane enn at dei fekk møte den oppstadne og at dei vart utrusta til teneste gjennom Andens gåve.

Samstundes er Guds ord ei kraft og eit levande ord, som grip inn i menneske sitt liv, og gjeld også utover den gongen, like til vår tid. Det er noko *fleirdimensjonalt* i dette. Guds folk har til alle tider hatt skiftande kår. Midt i det har mange kunne vitne om ei glede som ingen kan ta frå dei, og som gjev håp midt i smerta. I dette er Guds ord og alle livserfaringar den ber med seg, ei kjelde til trøyst og håp for menneske til alle tider.

Via Dolorosa

Det finst ein veg frå sorg til glede , seier Jesus. Han gjekk sjølv den vegen. Via Dolorosa i Jerusalem tyder og «*Smertenes veg*». Det må vere det mest kjente vegstykket i verda. Det var vegen Jesus gjekk til Golgata, etter å ha fått dødsdommen hos Pontius Pilatus på Gabbata, inne i Antoniaborga. Den vegen gjekk han for oss, for vår skuld, slik at me skulle sleppe. Han gjekk den for at sorga skulle bli til glede!

Frå 1990-talet hugsar me noko av det grusomme som hende i Bosnia. Ein vestleg TV-journalist intervjuar ei jente frå ei kristen ungdomsgruppe: «Korleis kan de tru på Gud når de opplever slike grusomme hendingar?» spør han. Svaret hennar var: «Korleis kan me klare oss utan Gud når me opplever dette?»

Fødselssmerte og det nye livet

I teksten brukar og Jesus bilete på fødselen når han skal skildre det å gå frå sorg til glede på åndeleg vis. Eit anna ord for komme til tru, bli frelst, er jo det å *bli fødd på ny*, jfr. Joh 3. Ein fødsel er ei gledeleg hending, men den føregår ikkje utan smerte. Tvert imot kan det vere ei temmeleg smertefull oppleving. Når ei mor så held det nyfødde barnet i armane, tenkjer ho ikkje lenger på smertene. Gleda over eit nyfødd liv er så overveldane. Smerta må vike, og gleda tek overhand.

Ein kvar som trur kan møte motgang og vanskar, forhold som er smertefulle i livet. Dei som var saman med Jesus då han heldt sin avskjedstale, skulle møte mykje vondt av ulike grunnar. Å leve som kristen er å følgje Jesus. Han sa og noko me gjerne ikkje likar så godt: «Vil nokon følgje etter meg, må han seie nei til seg sjølv, ta krossen sin opp og følgja meg.» Matt 16,24. Dette er litt av pilegrimen sitt kår i verda. Samstundes var aldri lovnaden om gleda langt unna for Jesus. Rett etter vårt tekst seier han: «Dette har eg sagt dykk så de skal ha fred i meg. I verda har de trengsler, men ver frimodige: Eg har sigra over verda.» Joh 16,33

Den evige gleða – håpet om herlegdom

Jødane er eit folk som har lide meir enn nokon. Det er nok å nemne forfølgingar, deportasjonar og holocaust. Dei kjenner til tårer og smerter i rikt mon. Når me går i museet Yad Vashem i Jerusalem, blir me sterkt minna om det. Samstundes har også jødane vore eit folk som har kunne glede seg midt i sorga. I mange av dei jødiske festane er dette framme. Me kan til dømes tenke på *Løvhyttefesten*, der gleda står i fokus. Også i *sabbatsfeiringa* gjeld det same; ei glede frå ei anna verd.

Frå gammalt av har det vore tala om «dei messianske fødselsveene», dei som skal vere der mot den siste tida. Difor har og dette eit eskatologisk utblikk: Ein gong skal Gud skape noko fullkomme nytt; ei ny himmel og ei ny jord. I teksten denne søndagen skal me få forkynne gleda over forsoninga med Gud gjennom Jesus Messias, og det fullkomne håp gjennom hans oppstode frå dei døde. Paulus' ord til trøyst og håp skal få det siste ordet: « Eg meiner at det vi må lide i den tida som no er, ikkje er nokon ting mot den herlegdomen som ein gong skal openberrast og bli vår. « Rom 8,18.

Audun Systad

Sokneprest i Balestrand. Leiar av krinsstyret for Israelsmisjonen i Sogn og Fjordane.

sokneprest@balestrand.kyrkja.no